


Arkeologisk registrering i Halsabrotet

26.04.2009



Den private reguleringsplanen i Halsabrotet skal snart til politisk handsaming.

Prosjekt Konsult Kvinnherad har på vegne av byggherre Actavia Invest AS ved Per Arild Sjøwall bestilt arkeologisk registrering i Halsabrotet.

Det skjer som eit ledd i handsaminga av den private reguleringsplanen som Sjøwall og Ivar Gundersen har fremma for 10 bustader og som snart skal opp i forvaltningskomiteen.

Bestillinga gjekk fil fylkeskommunen i mars og Prosjekt Konsult bad om at arbeidet vart utført snarast for å komma vidare med handsaminga av reguleringsplanen. Dei ønskja ei attendemelding om når arbeidet kan pårekna utført.

Registreringa har samanheng med ei uttale frå fylkeskommunen, som for eitt år sidan viste til at det i Uskedalen er kjent fleire funn sjølv om dei ikkje i dag har kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle området.

Men etter ei vurdering av planområdet fann fylkeskommunen det naudsynt å gjennomføra ei synfaring før dei kunne gje fråsegn til planen. Dermed ville ein kunne vurdere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne.

Åtte nabobar meiner at dei nye bustadane vil ta mykje av utsikten deira og dei er også negative til rekjkjehusløysinga fordi dei meiner at denne er eit framandelement i dette bustadområdet og vil redusera verdien av eigedomane deira. Dei er også bekymra for sikttilhøva i krysset til Halsabrotet og Dønhaug.

Komentaren frå byggherren til desse ytringane er at planstatus for området er boligområde og at den framlagte planen ikkje er i strid med dette.

Av Ola Matti Mathisen